



Notat

Dato: 13.11.2018
Arkivsak: 2017/3598-4
Saksbehandlar: birhau

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål vedk. elev-PC

Fylkesrådmannen viser til møte i OPHE 14. august 2018, referatsak RS 44/18, som gav svar på ulike spørsmål i høve til elev-PC-ordninga.

I same møte vart det i tillegg stilt følgjande spørsmål:

Kor mange krav som går/har gått til inkasso fordelt på år?
Tal elevar som har kjøpt PC på avbetaling dette året?

Fylkesrådmannen ser det slik at det er for tidleg å seie noko om volumet på inkassosaker for inneverande skuleår, og ho kan eventuelt kome tilbake med rapport over inkassosaker våren 2019.

I inneverande skuleår har 47 elevar valt å kjøpe maskin på avbetaling.

Tal på avbetalingar dei fire siste skuleåra:

2018/19: 47 elevar kjøpte maskin på avbetaling
2017/18: 169 elevar kjøpte maskin på avbetaling
2016/17: 522 elevar kjøpte maskin på avbetaling
2015/16: 488 elevar kjøpte maskin på avbetaling

Fylkesrådmannen viser elles til nemnde referatsak.